

For ein fantastisk julefest!!

20.12.2016



God song og stemning under juletrengangen på den internasjonale juletreffesten.

Det er godt å oppleve slike stunder som vi gjorde på julefesten til Vaksenopplæringa på Husnes tirsdag kveld. Frammøtet var større venta. Her hadde meir enn 150 gjester frå rundt 20 land, og med ulik religionsbakgrunn, ein flott fest med gode programinnslag, ein Børsdalsnisse i toppform, eit internasjonalt og overdådig matbord og juletrengang.



Tre av uskedalingane som kosa seg på festen, Nasra, Muhamed og sonen Mazin som bur på Steinsletto, opphavelag frå Somalia.

Som alltid vart festen innleia med tenning av adventslysa medan 4 elevar framførte Inger Hagerup sitt kjende og kjære dikt. Denne gongen var det Layla og Ahmed frå Somalia, Benjawan frå Thailand og Brhane frå Eritrea som les versa medan Yordanos frå Eritrea stod for lysteninga. Ein stilfull start med flotte framføringar på deira nylærde språk.

Vidare fortsette programmet med ein flott juledans framført av tre damer frå Filippinene og ei dame frå Colombia før Merkeb frå Eritrea fortalde om korleis dei feirer jul i Eritrea. Dette gjorde han med fine bilde og på eit imponerende norsk som han har tileigna seg på kort tid. Svært interessant var det, og vi fann mange fellestrekk med vår feiring.

Henteleiken er eit fast og populært innslag på desse festane, og det vert alltid både fart, spenning og engasjement når dei to laga kjempar om å vera raskast i å samla inn alt frå tikroningar til hårpjynt.

Det er mange høgdepunkt på denne festen, men som på andre julefestar er julenissen absolutt eitt av dei. Dei seinare åra er det den velkjende Børsdalsnissen som har kome på besøk, og det verkar som han legg inn den absolutte formtoppen til desse festane. Eg er ganske god kompis med denne nissen, og eg må sei at eg opplever han aldri betre. Eg trur han stortrivst med så flotte folk frå så mange nasjonar rundt seg. Eit fantastisk innslag!!



Børsdalsnissen er alltid veldig populær på desse festane.

Eit anna absolutt høgdepunkt er maten. Heilt sikkert er det at det ikkje finst andre julefestar som kan konkurrera med så godt og variert matbord. Her var herlege matrettar frå svært mange land, og i tillegg hadde Elaine og Lady Lea på kjøkkennet i kulturhuset supplert med både betasuppe, røykjelaks og eggerøre, og mange aldeles nydelege kaker. Åh, kor godt det var!!

Festen vart avslutta slik skikkelege jultrefestar skal avsluttast; - med julepregang. Det var både songglede og god song rundt treet, og Frode Kaldestad spelte piano til. Denne avslutninga gjer det så tydeleg at festdeltakarane set slik pris på denne festen når dei syng av hjartans lyst. Og appropos piano-Frode. Kwart einaste år stiller han opp og spelar til allsongar og julepregang og er tett på like viktig som nissen!

Det er utruleg fint å gå til juleferie etter ei slik oppleving. At vi er folk frå så mange nasjonar og ulike religionar og kulturar som opplever dette saman, gjer det ekstra flott. Dei har sine gode grunnar dei som omtalar denne festen som 'Verdens beste julefest'!



Ahmed frå Herøysundet og 4 andre hadde ei flott framføring av Inger Hagerup sitt dikt Adventslysa under lystenninga.



Interessant var det då Merkeb fortalde om julefeiring i Eritrea.



Flott filippinsk juledans



Kjekt med alle ungdomane som kosar seg slik og deltar på festen.



Over 150 frå heile Kvinnherad kom til festen i år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ragnhild Røstbø og Thor Inge Døssland